



Kunnskapsdepartementet  
[postmottak@kd.dep.no](mailto:postmottak@kd.dep.no)

Dykkar ref.

Vår ref.  
2014/272 - 4978/2014

Saksh. – tlf.  
Unni Rygg - 55097155

Dato  
06.03.2014

## Høyringsuttale - Forslag til endring i privatskulelova

Fjell kommune v/ komité for drift (KD) behandla høyringa «*Forslag om endringer i privatskuleloven - Innføring av midlertidig dispensasjonsbestemmelse*» på møtet 04.03.2014, sak 14/14. Komiteen vedtok følgjande høyringsuttale:

### Vedtak i Komité for drift - 04.03.2014:

Fjell kommune stiller seg positiv til endringsforslaget i høyringsnotatet vedkomande endring i privatskulelova.

Med helsing

Unni Rygg (s)  
Saksbehandlar

Vedlegg: utvalsaksnr. 14/14



## SAKSDOKUMENT

| Utvalsaksnr | Utval            | Møtedato   |
|-------------|------------------|------------|
| 14/14       | Komit  for drift | 04.03.2014 |

### H ringsuttale - Forslag til endring i privatskulelova

#### Samandrag av saka:

H ringsframlegget fr  kunnskapsdepartementet gjeld innf ring av midlertidig dispensasjon i privatskulelova om at det i s rlege tilfelle kan gjevast godkjenning til private skular som ikkje oppfyller kravet til grunnlag i privatskulelova § 2-1 andre ledd. Departementet foresl r at det i § 2-1 nytt tredje ledd vert fastsett at departementet i s rlege tilfelle kan godkjenna private skular som ikkje oppfyller kravet om grunnlag i andre ledd. Bakgrunnen for forslaget om en midlertidig dispensasjonsheimel er at departementet tek sikte p    senda forslag til ny friskulelov p  h yring hausten 2014 og vil leggja fram lovproposisjon for Stortinget v ren 2015.

Formannskapet har i sak 43/13 - Realfagsgymnas p  Sotra, gjort vedtak om at dei stiller seg positiv til at Norges Realfagsgymnas etablerer seg p  Straume i Fjell. Forslaget til endring i privatskulelova som denne saka omhandlar, vil vera avgjerande for om det kan etablerast realfagsgymnas p  Sotra.

#### Innstilling:

Fjell kommune stiller seg positiv til endringsforslaget i h yringsnotatet vedkomande endring i privatskulelova.

Straume, den 21.02.2014

Steinar Nesse  
R dmann

Lillian Torsvik  
servicetorgsjef

**Handsama i Komité for drift - 04.03.2014:**

Servicetorgsjef Lillian Torsvik var til stades og svarte på spørsmål til saka.

Framlegg frå Sveinung Vethe (AP):

Fjell kommune er i mot at fellesskulen skal undergravast av kommersielle interesser. Å innføre marknadsstruktur og konkurranse på undervisning av barn og unge må ventas å ha negative konsekvensar både på kort og lang sikt. Dårlige erfaringar med dei svenske friskulane, så vel som med dei private skulane som vart etablert med Bondevik II-regjeringa, er åleine grunn til å avvise denne saka. Høyringsuttala gjev ikkje tilstrekkeleg med argumentasjon for at ei oppmjuking av privatskulelova er tenleg – verken for Fjell kommune eller landet elles.

Framlegget frå Sveinung Vethe (AP) fekk 3 røyster (mindretalet: AP) og fall.

Innstillinga fekk 6 røyster (H, FrP, KrF, 1 SL) og vart vedteken.

**Vedtak i Komité for drift - 04.03.2014:**

Fjell kommune stiller seg positiv til endringsforslaget i høyringsnotatet vedkomande endring i privatskulelova.

## Dokument vedlagt saka:

Høyringsnotat frå Kunnskapsdepartementet

## Saksopplysningar:

Kunnskapsdepartementet legg i dette høyringsnotatet fram forslag til endringar i lov 4. juli 2003 nr. 84 om private skular med rett til statstilskot (privatskolelova).

Forslaga har sin bakgrunn i regjeringa Solbergs politiske plattform (Sundvolden-erklæringa) kor det går fram at:

*”Regjeringa vil åpne for at flere kan drive offentlig finansierte friskoler, og gjeninnføre en lov om frittstående skoler der kravet til formål erstattes med krav til innhold og kvalitet. Skoler som oppfyller vilkårene skal ha rett til godkjenning, med mindre en helhetsvurdering tilsier at godkjenning vil gi negative konsekvenser for det offentlige skoletilbudet. Regjeringa vil vurdere kapitaltilskudd til etablerte friskoler for oppgradering av eldre bygningsmasse. Friskoler skal ikke kunne betale utbytte til eierne.”*

Departementet viser til at vilkåra for godkjenning av private skular med rett til statstilskot er endra fleire gonger dei siste åra. Det same er nemninga på skulane (privatskular versus fri skular).

Regjeringa vil arbeide for ei ny friskulelov med rett til godkjenning for søkjarar som oppfyller krava til innhald og kvalitet med mindre dette etter ei heilskapsvurdering vil gi negative konsekvensar for det offentlege skuletilbodet. Departementet har sett i gong eit større arbeid med sikte på heilskapelege lovendringar for å gjennomføra regjeringa sin politikk. Departementet tek sikte på å sende forslag til meir omfattande og permanente lovendringar på høyring hausten 2014 og legg desse fram for Stortinget våren 2015.

For å kunna gje godkjenning av enkelte skular inntil ny lov er på plass, legg departementet i høyringsbrevet fram forslag om at det vert innført ei ordning om at det i særlege tilfelle kan gjevast godkjenning til private skular som ikkje oppfyller kravet om grunnlag i privatskoleloven § 2-1 andre ledd.

Privatskoleloven § 2-1 Godkjenning av skolar lyder:

*”Departementet kan godkjenne private skolar og driftsendringar ved godkjende private skolar. Departementet kan godkjenne at ein grunnskole flyttar verksemda si til ein annan kommune eller at ein vidaregåande skole flyttar verksemda si til ein annan fylkeskommune. Vertskommunen eller vertsfylket skal gi fråsegn for departementet gjer vedtak i saka, og kan klage på departementet sitt vedtak. Godkjende skolar har rett til statstilskot etter § 6-1 og til å drive verksemd etter lova.*

*Skulane skal drive verksemda si på følgjande grunnlag:*

- a) religiøst*
  - b) anerkjend pedagogisk retning*
  - c) internasjonalt*
  - d) særskilt tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett*
  - e) norsk grunnskoleopplæring i utlandet*
  - f) særskilt tilrettelagd opplæring for funksjonshemma*
  - g) vidaregåande opplæring i små og verneverdige handverksfag.*
- Opplæringa skal vere på norsk eller samisk. Dette kravet gjeld likevel ikkje internasjonale skolar. Viktige dokument om verksemda etter lova skal i alle høve vere tilgjengelege på norsk eller samisk.*

*Godkjenninga fell bort dersom ein skole ikkje startar opp verksemda si etter lova i løpet av tre skoleår etter at godkjenning vart gitt. Det same gjeld om drifta etter lova blir nedlagd. Krava i andre ledd om eit særskilt grunnlag gjeld likevel ikkje allereie godkjende skolar som var i drift innan utgangen av 2007. Departementet kan berre godkjenne nødvendige driftsendringar ved skolar som ikkje oppfyller krava i andre ledd. Departementet kan i forskrift fastsetje fristar i samband med søknader om godkjenning av private skolar.”*

Bakgrunnen for forslaget om midlertidig dispensasjonsheimel er at departementet tek sikte på å sende forslag til ny friskulelov på høring hausten 2014 og vil leggja fram ein lovproposisjon for Stortinget våren 2015. Skular som blir godkjent etter den nye lova vil dermed tidlegast kunne starte opp si verksemd hausten 2016. Departementet vil med forslaget i høringsnotatet opna for at det i perioden fram til ny friskulelov trer i kraft, i særlege tilfelle kan gje godkjenning for nye skular som ikkje oppfyller kravet til grunnlag i gjeldande privatskulelov § 2-1 andre ledd. Departementet presiserer at høringsforslaget er ein rein «unntaks-bestemmelse» som berre vil vera aktuell i eit fåtal tilfelle.

Departementet legg vidare til grunn at dispensasjon berre vil bli gitt i tilfelle der den om søkte skulen har eit pedagogisk tilbod eller ei organisering av undervisninga som er nyskapande i forhold til eksisterande offentlege og private skular. Søknader om dispensasjon vil bli gitt ei heilskapleg vurdering. I denne vurderinga vil departementet særleg legge vekt på om dispensasjon vil ha negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen eller for allereie etablerte private skular i det aktuelle området.

Som døme på skular som vil kunna falle inn under dispensasjonsordninga vil departementet visa til enkelte private realfagsgymnas og yrkesfagsskolar. Ved vurderinga av eventuelle søknader om godkjenning av yrkesfagsskolar, vil departementet leggja stor vekt på om søknaden er støtta av vedkomande bransjeorganisasjon.

Eit av formåla med forslaget om høve til å gje dispensasjon, er å vinne erfaring med søknader om nye skular som er nyskapande i forhold til eksisterande offentlege og private skular. Desse erfaringane vil vera nyttige under arbeidet med sikte på heilskaplege lovendringar for å gjennomføre regjeringa sin politikk som departementet har satt i gang.

Departementet foreslår at det i § 2-1 nytt tredje ledd vert fastsett at departementet i særlege tilfelle kan godkjenne private skular som ikkje oppfyller kravet om grunnlag i andre ledd.

Departementet viser til at fordi staten gir tilskot til drift av private skular, får kommunane/fylkeskommunen lågare kostnader knytt til elevane som går i slike skular. I samband med statsbudsjettet vert det derfor årlig gjort ei justering i kommunane/fylkeskommunane si samla inntektsramme ut frå endra elevtall i private og statlege skular (trekkordninga). Føremålet med justeringa er at kommunane samla ikkje skal tena eller tapa som følgje av endra tal elevar i slike skular. Kommunane og fylkeskommunane har ansvar for alle elevane som er busett i kommunen og fylkeskommunen, og må difor til ei kvar tid ha ei viss fleksibilitet i kapasiteten for å kunna tilpassa seg endringar i elevtal i private og statlege skular.

I forbindelse med det varsla lovarbeidet vil Kunnskapsdepartementet i løpet av 2014 også foreta en gjennomgang av dagens trekk- og korreksjonsordning. Kommunane og fylkeskommunane er ansvarlege for skyss av elevar ved private skular – innanfor kommunegrensen/fylkeskommunen der eleven er busett, på lik line med elevar i offentleg skule. Etablering av nye privatskular kan påverka tal elevar som må skyssast til skulen. Kommunen og fylkeskommunen kan få auka skyssutgifter når elevar vel å gå i privatskular som ligg så langt unna heimstaden at dei har krav på skyss.

Departementet forventar ikkje at forslaget vil ha vesentlege administrative følgjer samanlikna med gjeldande ordning etter privatskulelova.

Forslag til lovtekst:

I lov 4. juli 2003 nr. 84 om private skular med rett til statstilskot (privatskulelova) vert det gjort følgjande endringar:

§ 2-1 nytt tredje ledd skal lyde:

Departementet kan i særlege tilfelle gje godkjenning til private skular som ikkje fyller kravet om grunnlag i andre ledd.

§ 2-1 noverande tredje, fjerde, femte og sjette ledd blir nytt fjerde, femte, sjette og sjuande ledd.

II

Loven trer i kraft straks.

### **Vurdering:**

Rådmannen viser til FS-sak 43/13- Realfagsgymnas på Sotra, der Formannskapet gjorde slikt vedtak i møte 23.09.2013:

*Formannskapet tek saka til orientering og stiller seg positiv til at Norges Realfagsgymnas etablerer seg på Straume i Fjell.*

Rådmannen forstår høyringsnotatet slik at forslaget til endring i privatskulelova som denne saka omhandlar, vil vera avgjerande for om det kan etablerast privat realfagsgymnas på Sotra.

På bakgrunn av vedtaket i FS-sak 43/13 meiner rådmannen det er viktig at Fjell kommune støttar dette forslaget til endring i privatskulelova.